


# 1 Elevtalsutvikling og demografi

## 1.1 Elevtalet for grunnskolen i Ulstein kommune (perioden 2010/2011–2024/2025)

Nedanfor finn du ei oversikt over korleis talet på elevar i ulsteinskulane har utvikla seg i perioden 2010/2011 til 2024/2025. Tala er henta frå GSI (grunnskolen sitt informasjonssystem).

Elevtalsutvikling i Ulstein 2010/2011–2024/2025															
Skuleår	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25
1.-7. trinn	834	837	818	804	814	817	794	793	759	746	727	748	742	743	730
8.-10. trinn	316	321	349	378	363	385	342	365	370	375	348	302	326	357	355
<b>Elevtal</b>	<b>1150</b>	<b>1158</b>	<b>1167</b>	<b>1182</b>	<b>1177</b>	<b>1202</b>	<b>1136</b>	<b>1158</b>	<b>1129</b>	<b>1121</b>	<b>1075</b>	<b>1050</b>	<b>1068</b>	<b>1100</b>	<b>1085</b>



<b>Gjennomsnittleg elevtal (2010/2011-2024/2025):</b>	1130 elevar
<b>Endring i elevtal (2010/2011-2024/2025):</b>	-65 elevar
<b>Prosentvis endring i elevtal (2010/2011-2024/2025)</b>	-5,65%
<b>Høgste elevtal:</b>	1202 (2015/16)
<b>Lågaste elevtal:</b>	1050 (2021/22)

Oversikta viser at elevtalet har variert noko gjennom perioden, med ein topp i 2015/2016 (1202 elevar) og ein botn i 2021/2022 (1050 elevar). Det har vore ein generell nedgang i elevtalet frå skuleåret 2010/2011 til 2024/2025, med ein reduksjon på 65 elevar, som gir ein prosentvis nedgang på 5,65 %. For skuleåret 2024/2025 var det totalt 1085 elevar i ulsteinskulen.


## 1.2 Elevtalsutvikling per skule

Nedanfor finn du oversikt over korleis talet på elevar har utvikla seg på den enkelte skule for perioden frå 2010/2011 til 2024/2025. Tala er henta frå GSI (grunnskulen sitt informasjonssystem). Det er skulane sjølve som rapporterer inn tala til GSI.

Skulekrinsar	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25
Haddal skule	78	75	72	66	70	64	61	67	60	61	61	60	54	57	49
Hasund skule	186	188	190	187	196	202	190	184	176	167	166	163	144	154	148
Ulstein skule	86	94	102	108	109	103	88	98	91	92	81	75	81	89	81
Ulsteinvik barneskule	484	480	454	443	439	448	455	444	432	426	419	450	463	443	452
<b>Elevtalsutvikling 1.-7 trinn</b>	<b>834</b>	<b>837</b>	<b>818</b>	<b>804</b>	<b>814</b>	<b>817</b>	<b>794</b>	<b>793</b>	<b>759</b>	<b>746</b>	<b>727</b>	<b>748</b>	<b>742</b>	<b>743</b>	<b>730</b>
<b>Ulsteinvik ungdomsskule</b>	<b>316</b>	<b>321</b>	<b>349</b>	<b>378</b>	<b>363</b>	<b>385</b>	<b>342</b>	<b>365</b>	<b>370</b>	<b>375</b>	<b>348</b>	<b>302</b>	<b>326</b>	<b>357</b>	<b>355</b>

### 1.2.1 Haddal skule

- Gjennomsnittleg elevtal: 63 elevar
- Endring i elevtal: -29 elevar
- Prosentvis endring i elevtal: -37.18 %
- Høgste elevtal: 78 elevar (2010/2011)
- Lågaste elevtal: 49 elevar (2024/2025)



### 1.2.2 Hasund skule

- Gjennomsnittleg elevtal: 172 elevar
- Endring i elevtal: -38 elevar
- Prosentvis endring i elevtal: -20.43 %
- Høgste elevtal: 202 elevar (2015/2016)
- Lågaste elevtal: 144 elevar (2022/2023)



### 1.2.3 Ulstein skule

- Gjennomsnittleg elevtal: 89 elevar
- Endring i elevtal: -5 elevar
- Prosentvis endring i elevtal: -5.81 %
- Høgste elevtal: 109 elevar (2014/2015)
- Lågaste elevtal: 75 elevar (2021/2022)



### 1.2.4 Ulsteinvik barneskule

- Gjennomsnittleg elevtal: 448 elevar
- Endring i elevtal: -32 elevar
- Prosentvis endring i elevtal: -6.61 %
- Høgste elevtal: 484 elevar (2010/2011)
- Lågaste elevtal: 419 elevar (2020/2021)



### 1.2.5 Ulstein ungdomsskule

Ulstein kommune har éin ungdomsskule. Elevtalsutviklinga for 8.–10. trinn frå skuleåret 2010/2011 til 2024/2025 viser fleire variasjonar.


- Gjennomsnittleg elevtal: 350 elevar
- Endring i elevtal: 39 elevar
- Prosentvis endring i elevtal: 12,34 %
- Høgste elevtal: 302 elevar (2021/2022)
- Lågaste elevtal: 385 elevar (2015/2016)



### 1.3 Førsteklassingar i Ulstein 2010/2011–2024/2025

Nedanfor finn du ei oversikt over korleis talet på førsteklassingar har utvikla seg per skule. Tala er henta frå GSI (grunnskulen sitt informasjonssystem) der skulane sjølve rapporterer inn.

Førsteklassingar per skule 2010/2011–2024/2025															
Skuleår	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25
Elevar fødd i år	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Haddal skule	10	11	9	6	8	10	7	16	8	5	7	6	5	10	10
Hasund skule	29	30	27	29	23	34	19	19	25	20	26	20	15	25	14
Ulstein skule	8	21	11	18	14	16	4	16	15	12	9	7	6	16	6
Ulsteinvik barneskule	77	70	57	56	51	78	65	52	56	59	58	79	58	68	64
SUM	124	132	104	109	96	138	95	103	104	96	100	112	84	119	94




<p><b>Haddal skule:</b> Gjennomsnittleg elevtal førsteklasse: 8 elevar Høgste tal førsteklassingar: 16 elevar (2017/2018) Lågaste tal førsteklassingar: 5 elevar (2019/2020), (2022/2023)</p>	<p><b>Hasund skule:</b> Gjennomsnittleg elevtal førsteklasse: 23 elevar Høgste tal førsteklassingar: 34 elevar (2015/2016) Lågaste tal førsteklassingar: 14 elevar (2024/2025)</p>
<p><b>Ulstein skule:</b> Gjennomsnittleg elevtal i 1 klasse: 11 elevar Høgste tal førsteklassingar: 21 elevar (2011/2012) Lågaste tal førsteklassingar: 4 elevar (2016/2017)</p>	<p><b>Ulsteinvik barneskule:</b> Gjennomsnittleg elevtal: 61 elevar Høgste tal førsteklassingar: 79 elevar (2021/2022) Lågaste tal førsteklassingar: 51 elevar (2014/2015)</p>

## 1.4 Prognose elevtalsutvikling i skulekrinsane(2024–2030)

Med bakgrunn i kommunen sine kartdata har vi henta ut tal born som bur i dei ulike krinsane fødte mellom 2019 og 2024. Desse vil mest truleg vere dei borna som startar på nærskulane i krinsane. Tala tek utgangspunkt i bustadadresse og har ikkje teke høgde for eventuell tilflytting/fråflytting eller elevar som vil velje anna skule enn nærskulen sin.

Prognose førsteklasse	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2028/2029	2029/2030	2030/2031
Elevar fødd i år:	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Haddal skulekrins	8	7	8	6	8	8
Hasund skulekrins	17	18	19	25	17	21
Ulstein skulekrins	6	11	4	9	7	8
Ulsteinvik sentrumskrins	67	57	77	58	47	57
<b>Sum</b>	<b>98</b>	<b>93</b>	<b>108</b>	<b>98</b>	<b>79</b>	<b>94</b>



**Haddal skulekrins:** Talet på førsteklasingar i Haddal skulekrins er relativt stabilt, med små variasjonar på mellom 6 og 8 elevar.

**Hasund skulekrins:** viser ein aukande trend i talet på førsteklasingar, spesielt frå 2024/2025 til 2028/2029, der det når ein topp på 25 elevar. Det vil vere ein nedgang til 17 elevar i 2029/2030 og deretter ein auke til 21 elevar i 2030/2031.

**Ulstein skulekrins:** har større variasjonar i talet på førsteklasingar, med ein topp på 11 elevar i 2025/2026 og ein botn på 4 elevar i 2026/2027.

**Ulsteinvik sentrumskrins:** har store variasjonar i talet på førsteklassingar. Det er ein topp på 77 elevar i 2026/2027, men talet er redusert til 47 elevar i 2029/2030, og deretter stig det til 57 elevar i 2030/2031.

## 1.5 Prognose for vidare elevtalsutvikling i skulekrinsane 1.-7. trinn (2024–2030)

Sett i samanheng med utviklinga i talet på nye førsteklassingar har vi også sett på korleis det totale elevtalet vil utvikle seg i dei ulike krinsane. Tala tek utgangspunkt i dei som er busette i dei ulike krinsane og tek såleis ikkje høgde for eventuell tilflytting/fråflytting eller elevar som nyttar anna skule enn nærskulen sin. Tala kan såleis avvike frå elevtalet på den enkelte skule:

	24/25	25/26	26/27	28/29	29/30	30/31
Haddal skulekrins	51	52	53	53	57	55
Hasund skulekrins	141	140	132	133	137	133
Ulstein skuleskulekrins	54	55	51	51	52	48
Ulsteinvik barneskulekrins	459	458	469	447	434	422
<b>Elevtalsutvikling</b>	<b>705</b>	<b>705</b>	<b>705</b>	<b>684</b>	<b>680</b>	<b>658</b>

Totalt ser det ut til at elevtalet i barneskulekrinsane i Ulstein blir redusert frå 705 til 658 elevar (- 47 elevar som utgjer -6,66 %) frå 2024/2025 til 2030/2031. Haddal skulekrins held seg stabil med ein liten auke på 4 elevar (7,84 %). Hasund skule opplever ein nedgang på 8 elevar (-5,67 %), Ulstein skule blir redusert 6 elevar (-11 %), og Ulsteinvik barneskule blir redusert med 37 elevar (-8 %).